

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

TILTAKSSTRATEGI FOR BRUK AV SPESIELLE MILJØVERKEMIDDEL

VIK KOMMUNE 2009 – 2012



Foto Helge Noss



Foto Marianne Bøthun

1. BAKGRUNN

I tråd med St. meld. Nr 19 (2001 – 2002) *Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt*, er forvaltning av spesielle miljøverkemiddel i jordbruket (SMIL) og deler av nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) overført til kommunane.

Rammene er fastsett i

- *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*
- *Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*
- *Forskrift om planlegging og godkjenning av veier til landbruksføremål*
- *Forskrift om bærekraftig skogbruk*
- *Forskrift om tilskudd til skogbruksplanlegging med miljøregistreringer*

Fylkesmannen fordeler kvart år midlar til kommunane, som handsamar søknadane om SMIL-midlar og deler av søknadane om NMSK. Forvaltning av tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistrering ligg hjå Fylkesmannen. Det vil sei at søknadar om tilskot til skogsvegar, taubane, hest og anna skal sendast kommunen til uttale, men går vidare til handsaming hjå Fylkesmannen.

Kvar kommune skal, i samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket og skogbruket, utarbeidd ein fleirårig tiltaksstrategi som grunnlag for tildeling av midlane. Strategien skal vurderast årleg og rullerast kvart 4. år. Vik kommune vedtok den fyrste strategiplanen i mars 2005. Denne verka i perioden 2005 – 2008.

Etterspurnaden etter desse tilskota har auka. Ut frå faglege tilhøve og mangel på økonomiske midlar er det difor trong for å gjera prioriteringar i strategiplanen. Kommunen si prioritering skal samordnast med Regionalt miljøprogram og bruken av midlane skal koplast opp mot miljøplanar på gardsbruca.



Foto Helge Noss

Tiltaksstrategi for bruk av spesielle miljøverkemiddel for Vik kommune, 2009 – 2012, er vedteken av Formannskapet i Vik den 15.12.2008 (sak 08/253).

2. VERDIAR OG UTFORDRINGAR I VIK

Fjell- og fjordlandskapet på Vestlandet med ein rik natur- og kulturarv er kjent i Europa og resten av verda mellom anna som eit attraktivt reisemål. Indre Sogn utgjer eit høgdepunkt når det gjeld opplevingsrikdom, naturleg mangfald og ikkje minst kulturhistoriske miljø med lange tradisjonar som framleis er intakt.

Særskilde verdiar i Vik

Vik kommune er ein aktiv og livskraftig jordbrukskommune, jf. statistikk over bruk, husdyr og produksjon. Landbruket syner teikn til positiv utvikling og investeringslysta har teke seg opp. Kommunen har mange interessante historiske bygningar og kulturminne, samt eit variert kulturlandskap med stort biologisk mangfald. Desse verdiane er stadig høgare verdsett av storsamfunnet.

Interessa rundt skogbruk og særleg utnytting av utmarksressursar er tiltakande. Aktiviteten siste åra i vanskeleg terreng har gjeve inspirasjon og motivasjon til auka innsats. Det har vorte synleggjort at skogen har, for einskiltdrukarar, eit ikkje uvesentleg inntekspotensiale.

Vik har særskilde verdioråde som forsterkar viktigheita av miljøtiltak i kommunen:

- Prosjektområde Hove - Mohaugane - Hopperstad
- Høgdegardar på Lee og Grønsberg inkl. fjellstølen Flateng
- Veglause gardar langs strendene: Sylvarnes, Alrek, Geithus, Hanekamb, Stavedal mfl
- Heimestølane Engi, Gunnarsete, Skorge, Valsvikstølen mfl.
- Fjellstølane Halsetdalen, Sendedaen, Fresvik Jordalen mfl.
- Andre kulturlandskap: Finnabotnen, Alrekstøl, Haugen, Morki, Valsvik, Flæte, Bjergane, Bungum, Heimdal, Skjerven, Fosse, Myrkaskog, Tveit, Ovid, Otterhjell, Engi, Staumsnes og Lauvsnes-Vigdalen mfl.
- Prioriterte naturtypar, jf DN/FM (www.fylkesatlas.no).
- Nærøyfjorden verdsarvområde (UNESCO)
- Stølsheimen landskapsverneområde
- Fjellheimen villreinområdet

Hovudutfordringar i jordbruket

Auka krav til inntening og effektivisering, samt styresmaktene sine krav til husdyrhald har i lengre tid hatt som konsekvens at bonden si rolle som kulturlandskapspleier har vore på vikande front. Færre personar skal rekke over større område, og det blir mindre av både tid og pengar til å halde ved like gamal kulturmark, bygningar og andre kulturminne som ikkje på kort sikt gjev auka inntekter.

Ei særleg utfordring i Vik kommune er at landskapet endrar seg etter kvart som det vert færre dyr på beite og husdyra blir konsentrert på færre driftseiningar. Dei seinare åra er det etablert fleire samdrifter for mjølkeproduksjon og det er interesse for å gå i samdrifter med sau.

Småfehaldet er svært viktig som kulturlandskapspleiar, men det er store utfordringar knytt til å oppretthalde dette. Talet på sau i kommunen er redusert med ca 25% siste 7 år og med mange små buskarar er sauetalet også svært sårbart framover. Det er lite geit i kommunen. Resultatet blir ei dramatisk attgroing i ekstensivt drivne areal, både areal som ligg nær gardstuna nede i bygdene og areal i utmarka. Mykje gamal kulturmark gror att og treng vedlikehald snarast.

Eit aktuelt døme er det kulturhistorisk viktige jordbrukslandskapet i øvre del av Flatbygdi i Vik, mellom steinkyrkja på Hove og stavkyrkja på Hopperstad. Begge kyrkjene er frå mellomalderen, og gravhaugsamlinga Moahaugane, som ligg mellom kyrkjene, er frå tidsrommet år 400 – 600 e.Kr. Vidare har landskapet fleire verdifulle eldre tun og einskildbygg. Attgroing av reiner og randsonar er eit hinder for å oppleve kulturminna i området, og forfall i deler av den eldre bygningsmassen trugar viktige kulturverdiar. Vik Kommune har sett i gang eit større planarbeid i området, prosjektet ”Hove-Mohaugane-Hopperstad”, med føremål m.a. å sikra kulturminneverdiane og opna opp kulturlandskapet med planmessige skjøtselstiltak. Det er eit mål at tiltaka på sikt skal gje grunnlag for auka lokal verdiskaping i landbruk og reiseliv.

Hovudutfordringar i skogbruket

I Vik kommune er det naturleg lauvskog i attgrodd og delvis attgrodd kulturlandskap, naturleg furuskog, fjellbjørkeskog, noko hogstmoden furuskog og mykje hogstmoden granskog. Det er ikkje utarbeidd spesiell skogbruksplan for Vik kommune. Det er trong for ei meir offensiv haldning til skogkultur, særleg planting men også ungsogpleie.

Hogst av lauvskog til fyringsved er vanleg med bioenergi representerer eit stort potensiale både med tanke på sysselsetjing og lønsemd. Utnytting av bioenergi er eit miljøtiltak som kan bidra til å stogge attgroinga og samtidig gi eit inntektsbidrag for mange jord- og skogbrukarar i kommunen. Vik kommune ynskjer i å leggja til rette for lokal levering av biobrensel til kommunen sitt varmeanlegg. Slik aktivitet medfører investeringar i utstyr og trong for samarbeid om både driftsopplegg, transport og sal av ved og flis. Den største utfordringa kan vere å utvikle ein metode for tørking av flis.

For å fremje hogst av moden granskog er det behov for vegar. I Bødalslia i Vik, mellom Rosheim og Gunnarsete, vert det bygd eit større fellesveganlegg som har fått støtte frå NMSK. Etter skogbrukssjefen si vurdering står det 40.000 m³ tømmer i området til vegen, og mykje av dette kan vere aktuelt å ta ut ved hjelp av taubane. I Fresvik vart det utarbeidd vegplan i samband med jordskifte, og her er truleg dei viktigaste hovudvegane bygd. Det vart utarbeidd vegplan for Feios i 1992 som og syner stor trong for vegbygging dei kommande åra. Over heile kommunen er det trong for utbygging av bilvegar. Tilskot til drift i vanskeleg terreng vil det vera trong for i lang tid framover. Mykje av den planta grana som etter kvart vert hogstmoden står i vanskeleg terreng.

3. MÅL

Føremålet med SMIL-midlane er: ”å fremme natur og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen frå jordbruket, ut over det som kan forventes gjennom vanleg jordbruksdrift” (§1 i forskrifta).

Føremålet med NMSK-midlane er: ”å fremme et berekraftig skogbruk md aktiv næringsmessig utnytting av skog- og utmarksressursene på kort og lang sikt, og slik at biologisk mangfold, landskap, friluftsliv og kulturminner i skogen blir ivaretatt og videreutviklet” (§1 i forskrifta).

I brev av 09.07.08 om revisjon av tiltaksstrategien tilrår Fylkesmannen at kommunane:

- prioriterer skjøtsel av kulturlandskapet og biologisk viktige areal som til dømes slåttenger
- har fokus på verdifulle naturtypar og spesielle eller sjeldne artar

- lagar ein plan for kva kulturhistoriske verdiar kommunen ynskjer spesielt å ta vare på i samband med restaurering av freda og verneverdige bygningar og kulturminne
- legg til rette for auka bruk av bioenergi frå skogen og frå jordbruksavfall
- har ei offensiv haldning til skogkultur, særleg planting

Hovudmål for bruk av midlane i Vik kommune er

- å sikre miljøverdiane i landbruket sitt kulturlandskap og stimulere til auka verdiskaping i skogbruk, jordbruk og reiseliv.

Delmål jordbruk

- hindre attgroing av kulturlandskapet.
- halde ved like gammal kulturmark.
- betra ålmenta sitt høve til ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.
- motverke forfall av gamle bygningar og kulturminne.

Delmål skogbruk

- kvalitetsfremjande tiltak i skogen som gjev auka lønsemd.
- legge til rette for skogkultur, planting og stell av ungsog.
- legge til rette for lokal levering av biobrensel i kommunen
- legge til rette for uttak av hogstmoden/eldre gran- og furuskog

4. AKTUELLE TILTAK

Aktuelle tiltak i jordbruket

Forskrifta opnar for å gi tilskot til fyljande tiltak:

Tilkomst og oppleving: tiltak som betrar høvet for ålmenta til å ta seg fram til fots i kulturlandskapet som f. eks: rydding av samanhengande stiar og turvegnett, viktige linjedrag i landskapet, informasjonstavler, benkar, tilkomst til utmark, strand, fiskeplassar m.m.

Biologisk mangfald: slått av område som ikkje eignar seg for dagens landbruksmaskiner - men som er verdifulle for planter og insekt, utmarksslåttar, vår- og haustbeite m.m.

Gamal kulturmark: areal som må stellast; ryddast, tynnast, beitast eller slåast for ikkje å gro att eller forfalle. Desse områda er oftast ikkje tilført handelsgjødsel, eller prega av moderne jordarbeiding. Områda fyller ofte fleire funksjonar; verdifulle kulturminne og spor frå historia i området, viktig for landskapsbilete i bygda, plante og dyreliv, viktige turområde for ålmenta m.m.

Kulturminne og kulturmiljø: skjøtsel og/eller istandsetjing av kulturminne som t.d.: gravhaugar, buplassar, gamle tufter, steingjerde, gamle vegfar, rydningsrøyser, sommarfjøs, utløer, naust, jordkjellarar, smier, kvernhus m.m.

Freda og verneverdige bygningar: istandsetjing og vedlikehald av freda/verneverdige bygningar som kan nyttast i landbruksdrifta eller anna næring på landbrukseigedommen.

Investeringsstilskot til organisert beitebruk: alle typar tiltak som fremjar beitebruken ei eit område, t.d. sperregjerde, ferister, bruer, gjetarhytter, sanke- og skiljeanlegg, rydding av driftevegar, saltsteinsautomatar m.m. Tiltak i regi av beitelag bør prioriterast.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt: midlar som skal brukast for å få i gang planlegging av heilskaplege prosjekt over større område, som f.eks. eit vassdrag eller ei bygd. Midlane skal føra fram til gode og konkrete kulturlandskaps- og ureiningstiltak. Grunneigarar, lag, foreiningar og andre kan delta.

Miljøtiltak – ureining: utbetring og supplering av hydrotekniske anlegg - herunder graving av opne kanalar til erstatning for eksisterande lukka avløp for å redusera risiko for erosjon og avrenning, miljøplantingar og økologiske rensetiltak.

Aktuelle tiltak i skogbruket

Forskriftene opnar for å gi tilskot til fylgjande tiltak:

Skogkultur: skogkulturmidlane kan nyttast til planting, rydding i etablert ungsog og kvalitetsfremjande tiltak.

Miljøtiltak i skog: ordninga gjeld tilskot til å ta vare på areal der det er utført Miljøregistreringar i Skog (MiS-areal). I skrivande stund er denne arealkategorien ikkje aktuell for Vik kommune. Miljøverdiar som er registrert på anna måte må ev. godkjennast av fylkesmannen.

Drift med taubane, hest og anna: ordninga gjeld tilskot til framdrift av tømmer til sal med taubane, hest og anna. Taubanedrift er når tømmer vert henta ut med kabelbane, traktormontert slepebane og fallbane, uavhengig av lengde og helling. ”Og anna” kan t.d. vere manuelle felling inn til hogstmaskin der terrenget er slik at hogstmaskina ikkje kjem til, ofte brattare enn 40-50%.

Vegbygging: midlane kan nyttast til skogvegbygging i område med hogstmoden skog og som fører til auka hogst. I Fyrste rekke bilvegar, men og tunge traktorvegar med god bæreevne, samt tunge traktorvegar i bilvegtrasé, som inngår i ein heilskapleg plan. Samarbeidsprosjekt vert prioritert. Det kan også gjevast tilskot til områdeplanlegging, snuplassar og velteplassar.

Tilskot til andre tiltak i skog: ordninga omfattar t.d. tilskot til drift i vanskeleg terreng (mest aktuelt i høve taubane i terreng som er brattare en 40%, og hest). Dette gjeld tilskot til skogkultur, tilskott til vegbygging, tilskot til miljøtiltak i skog og tilskot til andre tiltak i skogbruket.

5. PRIORITERINGAR

Kommunen får ein samla årleg pott pengar frå Fylkesmannen og må prioritere mellom søknadar om miljøtiltak i jordbruket.

Prioriteringar i jordbruket

I Vik kommune vil ein prioritere:

1. tiltak i særleg verdifulle kulturlandskap og bygningsmiljø.
2. tiltak som fremjar biologisk mangfald, td. i registrerte verdifulle naturtypar.
3. tiltak som er utgreidd gjennom planleggings og tilretteleggingsprosjekt.

Søknadar om støtte til tiltak innanfor prosjektområdet Hove-Mohaugane -Hopperstad skal ha fyrste prioritert innan punkt 1.

Ved elles like søknadar vil føretak som mottek produksjonstilskot og tiltak som aukar grunnlaget for innteninga til aktive landbruksføretak verte prioritert.

Vidare vil ein ta omsyn til om tiltaka kan utløyse andre tilskot i etterkant t.d. frå Regionalt Miljøprogram eller Kulturminnefondet.

Fellestiltak vert prioritert. Dersom det vert trong for å prioritera mellom planleggings- og tilretteleggingsprosjekt vil lag der medlemmene har landbrukstilknytning bli prioriterte (grunneigarlag før idrettslag o.l.).

Der søkjarane er pålagd å ha miljøplan vert det lagt vekt på kvaliteten av desse.

Søknader knytt til freda/verneverdige bygningar vert ved behov sendt til fylkeskonservatoren for fagleg vurdering og prioritering.

Prioriteringar i skogbruket

I Vik kommune vil ein prioritere:

1. tiltak innan skogkultur, særleg planting og ungskogpleie.
2. tiltak som aukar avsetning og avverking i bratt terreng
3. Leveringstilskot flis

Tilskot til tiltak som aukar avsetning og avverking, samt skogkultur skal prioriterast etter økonomisk verdi og produksjonsevne. Fellestiltak vert også prioritert

6. SATSAR OG TILSKOTSBEHOV

Kommunen står fritt til å gi eingangstilskot med inntil 70% av godkjent kostnadsoverslag. For særskilde tiltak for å ivareta biologisk mangfald kan det gis 100 % av godkjent kostnadsoverslag.

Satsar

I Vik kommune legg ein til grunn desse satsane for tildeling av midlar:

- *Miljøtiltak:* Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Planleggings- og tilretteleggingstiltak:* Inntil 60 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Biologisk mangfald:* Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Gamal kulturmark:* Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Tilgjenge og opplevingskvalitet:* Inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Kulturminne og kulturmiljø:* Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Freda og verneverdige bygningar:* Inntil 35 % av godkjent kostnadsoverslag
- *Leveringstilskot flis:* 350,- kr pr tonn
- *Andre tiltak:* Inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag

Tilskotstrong

Vik kommune har fleire særskilde verdiar og store utfordringar knytt den type tiltak som går inn under ordningane spesielle miljøverkemidlar. Då kommunen vil prioritere støtte til tiltak i samband med prosjektet Hove-Mohaugane-Hopperstad (H-M-H) er dette vist særskild i tabellen under. Med grunnlag i tidlegare søknadar og løyvingar, pågåande prosjekt og søknadar som ”er på veg inn”, vert trongen for midlar spesielle miljøtiltak i Vik kommune dei komande åra estimert slik:

Tiltakstrong i jordbruket:

Tiltak	2009	2010	2011	2012
Verneverdige bygningar	200	200	200	200
Gamal kulturmark	170	220	220	220
Biologisk mangfald	70	80	80	80
Investeringar for Organisert Beitebruk	50	60	70	80
H-M-H – rydding av reiner m.m.	95*	49	49	0
H-M-H – oppsett av gjerder og grindar	111	43	0	0
H-M-H – årleg skjøtsel av reiner m.m.	12	22	22	22
H-M-H – rydding av gravhaugar	8*	0	0	0
H-M-H – årleg skjøtsel av gravhaugar	20**	20**	20**	20**
H-M-H – verneverdige bygningar	200	200	200	200
Sum x 1000,-	936	894	861	822

H-M-H = ”Hove-Mohaugane-Hoppertstad”

* Er tidlegare søkt i brev til FM, datert 18.11.08.

** Avheng av om det vert auka støtte til kulturminne gjennom RMP.

Den totale trongen for SMIL-midlar i jordbruket i Vik kommune dei komande 4 år er vurdert til å vere kr. 936.000,- i 2009, kr. 849.000,- i 2010, kr. 861.000,- i 2011 og kr. 822.000,- i 2012.

Tiltakstrong i skogbruket:

Tiltak	2009	2010	2011	2012
Planting	30	50	70	70
Anna skogkultur	20	30	30	30
Flis	0	*	*	*
Miljøtiltak**	0	0	0	0
Taubane/hest	160	240	240	240
Vegbygging	400	600	600	600
Sum x 1000,-	610	920	940	940

* - avheng av evt støtte til flis jf. løyving på statsbudsjettet for 2009.

Den totale trongen for NMSK-midler i skogbruket dei komande 4 år er vurdert til å vere kr. 610.000,- i 2009, kr. 920.000,- i 2010, kr. 940.000,- i 2011 og kr. 940.000,- i 2012.

7. Å SØKJE

Kommunen

Vik kommune handsamar alle søknadar om tilskot innan i jordbruket (SMIL) og dei søknadane innan skogbruket som gjeld skogkultur (NMSK). **Søknadsfristen til Vik kommune er 1. mai.** Denne vert kunngjort i avis og på kommunen sine nettsider. Adressa er. Vik kommune, Postboks 134, 6891 Vik i Sogn.

Fylkesmannen

Søknadar om tilskot til bygging av skogsveggar, bruk av taubane, hest og anna skal sendast kommunen. Kommunen gjev tilrådingar i samband med søknadane og sender dei vidare til handsaming hjå Fylkesmannen. **Fristane hjå Fylkesmannen er 15. mars og 15. september.**

Det skal søkjast på eigne skjema:

	Skjema	Frist
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket	SLF-430 N	01.05
Utbetaling av skogfond og søknad om tilskot til skogkultur	SLF-909	01.05
Søknad om tilskot til vegbygging	SLF-903 N	15.03 og 15.09
Søknad om tilskot til drift med taubane, hest o.a.	SLF-916 N	fortløpande
Søknad om tilskot til tynning	SLF-917 N	når arbeid er utført
Søknad om tilskot til miljøtiltak i skog *	SLF-911 N	01.05

* Søknad om tilskot til miljøtiltak i skog (SLF-911 N) ikkje er aktuell for Vik kommune i skrivande stund då det ikkje er utført registrering av MiS-areal.

Skjemaa er tilgjengeleg på www.slf.dep.no, eller kan hentast på kommunen.

Kostnadsoverslag

Det skal leggjast fram kostnadsoverslag med søknadane. For eigeninnsats vert fylgjande satsar godkjende:

- persontimar kr 150,- pr time,
- m/ motorsag eller rydningssag kr 180,- pr time
- m/traktor kr 300,- pr time

Andre opplysningar

Kommunen vurderer kva dokumentasjon som er naudsynt for dei ulike saker eller sakstypar.

Oversikta under syner kva opplysningar som kan vere aktuelle i søknaden:

- Føremålet med prosjektet/tiltaket
- Planar for prosjektet/tiltaket inkl. framdriftsplan, arbeidsbeskrivingar, teikningar, mm.
- Spesifisert kostnadsoverslag
- Oversiktskart som viser landbrukseigedomen si plassering
- Detaljkart som viser areal, viktige element i landskapet og plassering av tiltaket det vert søkt tilskot til.
- Fotografi som viser areal, bygningar og/eller landskapselement det vert søkt tilskot til.
- Område sin planstatus
- Eventuell fredingsstatus eller forslag til freding i samsvar med naturvernlova eller kulturminnelova
- Finansieringsplan inkl. eigeninnsats
- Avtale om gjennomføring av fellestiltak
- Miljøplan trinn 2 dersom søkjaren er eit jordbruksføretak.

Undreskrift

Dersom søknaden gjeld fellestiltak er det berre ein av deltakarane stå som søkjar og underteikne søknaden. Denne mottok tilskotet på vegne av alle deltakarane.

8. SAKSHANDSAMING

Til grunn for all handsaming av søknadar ligg kommunalt regelverk, forskriftene med tilhøyrande rundskriv og retningsliner.

Kurrante saker vert avgjort administrativt i medhald av vedteken strategi, medan større saker og saker med prinsipielt innhald vert framlagt for formannskapet. Forvaltning av strategiplanen er delegert til rådmannen.

Skulle det bli få søknader eit år vert det lyst ut ein ny søknadsfrist på hausten i god tid før rapporteringsfristen til fylket. Dersom eit av områda jord/skog ikkje får inn nok søknader vert ledige midlar ført over til det andre området slik at midlane vert brukte i kommunen.

Av erfaring veit ein at det kan koma mange likeverdige søknader innan same område. Dersom dei økonomiske verkemidla ikkje strekkjer til, og ein vert tvinga til å prioritera mellom søknader som har lik prioritet nyttar ein ”venteliste”. Sakshandsamar tek kontakt med søkjarane for å finne ut

om nokon kan venta til neste søknadsomgang. Dei som må vente stiller først i køen på prosjekt med lik prioritet ved neste søknadsomgang.

Tilsegn

Kommunen skal etter vedtak sende brev med vilkår for løyving av tilskott til det enkelte prosjekt og tiltak. Brevet skal gi opplysingar om klagerett. Tilsegnsbrevet skal gje ein frist for ferdigstilling, og informasjon om dokumentasjonskrav knytt til utbetalinga. Arbeidsfristen er normalt 3 år frå tilsegnsbrev er utsendt. Utsetting kan bli gitt med inntil 1 år. Årlege tilskott kan løyvast for ein periode på inntil 5 år med høve for forlenging. Arbeid med rett til tilskott må ikkje startast før plan, teikningar m. v. er godkjent, og søknaden er avgjort av kommunen.

Gjennomføring og vedlikehald

Tiltak skal gjennomførast og haldast ved like i samsvar med retningslinjer i forskrift og vedtekt og godkjend plan. For fysiske tiltak som mottek eingongstilskott har søkjaren vedlikehaldsplikt i 10 år.

Utbetaling

Løyvd tilskott vert utbetalt etter skriftleg oppmoding frå tilskottsmottakar og når prosjektet eller tiltaket har fått godkjent sluttregneskap. Ein kan likevel betale ut deler av summen på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som deler av prosjektet eller tiltaket vert utført. Minst 25 % av tilskottet skal haldast attende til arbeidet er godkjend fullført og sluttregneskapen er godkjend. Årlege tilskott vert utbetalte ein gong i året.

Kontroll og ev. attendebetaling

Mottakar av tilskott må godta kontroll av utført arbeid og er forplikta til å gi naudsynte opplysningar. Kommunen kan gje pålegg om tilleggsarbeid og utbetringar. Kommunen kan krevje tilskottet heilt eller delvis betalt attende dersom det vert avdekt tilhøve som er i strid med føresetnadene ved løyving av tilskottet. Kravet kan reknast mot produksjonstilskott eller andre tilskott som mottakaren har krav på. Det kan krevjast morarenter av beløpet som skal betalast attende, jf. Lov av 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinka betaling m. v.

Klage, Forvaltningsklage (partsklage), forvaltingslova § 28.

Vedtak om avslag på søknad om stønad er enkeltvedtak etter forvaltingslova sin § 2. Etter forvaltingslova § 28 andre ledd kan enkeltvedtak gjort av forvaltingsorgan oppretta i medhald av kommunelova, påklagast til kommunestyret eller ei særskilt klagenemnd. Når det påklaga vedtaket er gjort av kommunestyret, er departementet klageinstans. Departementet sitt mynde til å avgjere forvaltningsklager er delegert til fylkesmannen (jf rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993). Klagerett har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse. Klagefristen for enkeltvedtak er etter forvaltningslova § 29, 3 veker frå det tidspunktet underretting om vedtaket har nått fram til parten.

Rapportering

Kommunen skal kvart år rapportere bruken av midla etter reglar fastsette i tildelingsbrevet frå fylket. Rapporten skal òg leggast fram for kommunestyret.

KORT OM ANDRE ORDNINGAR

Skogfond

Ordninga med skogfond verkar i praksis på same måte som støtte frå stat eller kommune. Ordninga er obligatorisk. Alle skogeigarar må setja av mellom 4% og 40% av bruttoverdien av selt tømmer. Går salet gjennom skogeigarlaget vert det ordna der. Dersom skogeigaren ikkje seier frå om kor mykje dei skal trekka vil skogeigarlaget trekka 10% av bruttoverdien. Dersom skogeigaren sel tømmer utanom laget, må han eller kjøparen seia frå til kommunen kor mykje som skal setjast av til skogfond. Skogfond vert behandla som ein utgift når det vert betalt inn.

Så lenge fondsmidlane står på konto, får eigaren ikkje rente på pengane. Midlane skal heller ikkje reknast med i skattepliktig formue. Når skogeigaren tek ut midlar frå skogfondet sitt til ulike tiltak (eigendel på skogkulturiltak og vegbygging, eller til forsikring av skog, vedlikehald av vegar osv) treng han berre å føra 15% til inntekt, samstundes som tiltaket kan førast til utgift. På denne måten kan skogeigaren spare mykje på skatten. Alle skogeigarar som planlegg investeringar bør setja seg inn i ordninga. Viktige skjema:

- ”Rapportering av skogfond i samband med småsal” (SLF-918)
- ”Utbetaling av skogfond og søknad om tilskot til skogkultur” (SLF-909)

Her er meir informasjon: www.slf.dep.no, www.lmd.dep.no og www.fylkesmannen.no.

Renter av skogfond: Vik kommune disponerer rentene av dei midlar skogeigaren har ståande på skogfond. Rentene skal brukast til næringstiltak som kjem skogbruket til gode.

Vik Skogeigarlag – gjev støtte til planting

Vik Skogeigarlag har vedteke å yta eit tilskot til medlemmar på kr 0,50 pr. stk for planting. Søknad med kopi av innkjøpsfaktura skal sendast Vik Skogeigarlag i etterkant av planting.

Borregaards Skogreisingsfond – i Feios

Eigarar av eigedomar som har teke opp lån i Borregaards Skogreisingsfond kan søkje om tilskot til skogkultur, ungskogforsikring, skogsvegar, m.m. frå rentemidlar frå fondet. Slike eigedomar finst berre i Feios. Søknaden skal sendast Feios Skogreisingslag. Styret vurderer, gjer tilrådingar, og sender søknadane vidare til Sogn og Fjordane Skogselskap som gjer endeleg vedtak.



Foto Marianne Bøthun